

Politikk for forvaltning av immaterielle rettigheter generert ved Høgskulen på Vestlandet

Versjon 1.0. Denne politikken er gjort gjeldande gjennom vedtak i Høgskulestyret 23.09.2021 ([styresak 55/21](#)).

1. Innhald

Dette dokumentet skildrar politikk for forvaltning av immaterielle rettigheter som skal gjelde for HVL, inkludert kven som er omfatta av den og hovudlinjer for innhaldet. Nærmare retningslinjer for praktisk gjennomføring av dette følgjer av eit eige dokument: Retningslinjer for forvaltning av immaterielle rettigheter. Desse to dokumenta vil vere førande for HVL si forvaltning av immaterielle rettigheter, og erstattar tidlegare politikk og retningslinjer frå dei fusjonerte einingane.

2. Formål

Det følgjer av universitets- og høgskulelova at HVL si oppgåve er utdanning, forskning og formidling. Det er vidare presisert at vi skal oppfylle lova sitt formål ved å bidra til innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid.

Kunnskap veks når den vert delt, og HVL skal bidra til at ny kunnskap veks og får gjennomslagskraft internasjonalt, og vert omsett til løysingar som verkar lokalt. HVL har ein lang tradisjon for å samarbeide med næringsliv og offentleg sektor om innovasjon, entreprenørskap, forskning, utdanning og regional utvikling. Høgskulen ønskjer å bygge vidare på og styrke dette samarbeidet, og vidareutvikle den breie tilnærminga til innovasjon og entreprenørskap.

Ansvarleg innovasjon og berekraft skal ligge til grunn for høgskulen sitt eksterne innovasjonssamarbeid, og i arbeidet med å forbetre institusjon og utdanningstilbod. Med "ansvarleg innovasjon" meiner vi all innovasjon som tar sikte på å løyse utfordringar i samfunnet, til dømes knytt til klima, helse og sosial ulikskap. Ei milepåle i den samanheng er HVL sitt ph.d.-program i ansvarleg innovasjon og regional utvikling, som utgjer ei viktig brikke i høgskulen si satsing på innovasjon.

HVL har ein ambisjon om framleis å vere den føretrekte partneren innan regionalt innovasjonssamarbeid med næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet.

For at HVL skal oppnå dette, behøver høgskulen ein politikk for forvaltning av immaterielle rettigheter som bidreg til at vi forstår verdien av dei forskingsresultata som blir generert ved HVL, slik at vi forvaltar og sikrar desse verdiane på ein best mogleg måte. Dette må gjerast slik at HVL som institusjon beheld dei rettane vi treng for å oppnå våre mål, samtidig som vi sikrar den akademiske fridomen og rettighetene til dei som skapar resultat, og forhåpentlegvis stimulerer til nye resultat. Politikken, saman med retningslinjene, skal skape klare og føreseielege rammer for både arbeidsgjevar, tilsette, studentar og eksterne samarbeidspartnarar, og bidra til at HVL framstår som ei attraktiv verksemd og ein spanande samarbeidspartnar.

HVL skal og vidareutvikle kulturen for opne data og open publisering. HVL ønskjer derfor at resultat frå forskning og undervisning skal gjerast allment tilgjengeleg for å bidra til gjenbruk og aggregering der dette er praktisk og juridisk mogleg.

Høgskulen ønskjer og å legge til rette for økt deling og gjenbruk av undervisningsmateriale. Det er eit mål at forskning og undervisning ved institusjonen skal kunne bidra til å løyse samfunnsutfordringar gjennom auka publisering og kommersialisering.

Motivasjonen vår er å styrke potensialet for effektiv og formålstenleg utnytting av dei ressursane og resultatane som blir produsert i HVL-samanheng. På den måten kan HVL, gjennom det uvurderlege bidraget for høgskolens tilsette og studentar, bidra til berekraftig utvikling og verdiskaping både på Vestlandet, nasjonalt og internasjonalt.

2.1. Forankring i lovverk, reglement og avtalar

De viktigaste føringane er gitt gjennom:

- Lov om retten til oppfinnelser som er gjort av arbeidstakere (arbeidstakaroppfinningslova)
- Lov om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverklova)
- Lov om patenter (patentlova)
- Samarbeidsavtalar for eksternfinansierte prosjekt, både bidrags- og oppdragsfinansierte
- Retningslinjer for sidegjere mål ved HVL
- HVL sitt til ei kvar tid gjeldande reglement for opne data og open publisering
- Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningslova)
- Arbeidsavtalar
- Avtaler om overtaking av IP-rettigheter med den einskilde tilsette
- Arbeidsgjevar sin styringsrett
- Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskulelova)

4. Gjeld for

Politikken gjeld for alle tilsette ved HVL, dette inkluderer alle som har inngått ein arbeidsavtale med HVL, dvs. også II-stillingar og ph.d.-kandidatar.

Politikken gjeld også sjølvstendige oppdragstakarar og gjesteforskarar, der dette følgjer av rettsreglar eller særskilt avtale.

Studentar og gjestestudentar er omfatta der dette er presisert særskilt.

5. Overordna føringar og prinsipp

5.1. Kva er omfatta av politikken?

Alle forskings- og arbeidsresultat som er generert ved HVL er omfatta av politikken, og inkluderer blant annet følgjande grupperingar (lista er ikkje uttømmende):

- Patenterbare oppfinningar
- Ikkje-patenterbare oppfinningar og andre løysingar, prinsipp, knowhow, inkludert for eksempel bedriftshemmegheiter, teknisk, vitskapeleg og merkantil informasjon og forretningskonsept, heretter omtalt som "ikkje-patenterbar teknologi"
- Dataprogram
- Katalogar og databasar (utarbeiding av ulike systematiserte samlingar med informasjon eller data)
- Fysisk materiale - eit kvart materielt produkt (organisk, uorganisk og biologisk materiale), inkludert substansar, organismar, avlingar og materialar
- Faglitterære framstillingar (som monografiar, lærebøker, vitskapelege artiklar og doktorgradsavhandlingar) og andre litterære og kunstnariske verk
- Undervisnings- og formidlingsmateriale (som munnlege førelesingar, ulike presentasjonar, oppgåver, instruksjonsvideoar og digitale undervisningsopplegg)

- Administrative arbeider (som utgreingar, høyringsuttaler, pensumforslag, undervisningsplanar m.m.)

Det er ikkje slik at HVL har krav på eller ønskjer å overta rettighetene til alle typar resultat. HVL sitt krav på rettigheitsovertaking samt handtering av ulike typar resultat er skildra nedanfor og i nærmare detalj i dei tilhøyrande retningslinjene.

5.2 Utgangspunkt og prinsipp for IPR-politikken

Immaterielle rettar oppstår ved sjølvstendig skapande innsats, dvs. at HVL som institusjon ikkje kan generere immaterielle rettar. Det er tilsette, studentar og andre personar som er tilknytt HVL på ulike måtar som skapar immaterielle rettar og verdiar. HVL har i ulik grad krav til å få desse rettane overført til seg, basert på kva type immateriell rett det gjeld og i kva grad dette er regulert.

Det følger av arbeidstakaroppfinningslova at HVL kan krevje retten til patenterbare oppfinningar. Tilsette har likevel rett til å publisere oppfinninga, med mindre anna er avtalt eller tredjeparts rett er til hinder for det.

Etter åndsverklova har HVL rettigheter til katalogar, databasar og liknande som høgskulen har investert i oppbygginga av, og til datamaskinprogram som er laga av tilsette under utføringa av oppgåver som er omfatta av arbeidstilhøvet eller etter arbeidsgjevar sin instruks.

For andre typar åndsverk enn dei som er nemnt ovanfor, er hovudregelen at arbeidstakaren eig arbeidsresultata. Dette gjelder for eksempel artiklar eller bøker som forfattaren etter åndsverklova sjølv har rettighetene til.

For mange eksterntfinansierte prosjekter, for eksempel gjennom Norges Forskningsråd og EU, er det likevel eit krav frå finansieringskjelda at HVL skal ha alle rettighetene til resultatata som vert skapt i prosjektet.

Retten til læringsressursar må i dei fleste tilfelle vurderast konkret, og avhenger av korleis det er laga og korleis det skal nyttast.

HVL skal vere sikra ein vederlagsfri bruksrett til alt undervisningsmateriale skapt av dei tilsette ved høgskulen, til bruk i eigen kjerneverksemd. Dette er knytt til forskings- og utdanningsverksemd, men ikkje til kommersialiseringsformål. Hensikten er å sikre at slike resultat, som er utvikla ved bruk av høgskulen sine ressursar, bidreg til å sikre fagleg kvalitet og kontinuitet i HVL sitt utdanningstilbod, samtidig som ein tar hand om interessene til dei som lagar undervisningsmaterialet. Særlege rettar til HVL må vere avtalefesta eller følge av gjeldande rett.

Dei tilhøyrande retningslinjene for forvaltning av immaterielle rettigheter generert ved Høgskulen på Vestlandet gir ein meir detaljert skildring av handtering av rettigheter til dei forskjellige typar resultat nemnt ovanfor.

5.3. Studentar og IPR

Som hovudregel eig alle studentar og gjestestudentar ved HVL sjølv alle dei forskings- og arbeidsresultata som er skapt av studenten, og den einskilde student disponerer fritt over resultatata. Det finnest einskilde unntak frå denne regelen, som er skildra nærmare i dei tilhøyrande retningslinjene.

På same måte som overfor tilsette, er det eit mål at HVL er sikra ein vederlagsfri, ikkje-eksklusiv bruksrett til forskings- og arbeidsresultat skapt av studentar ved høgskulen til bruk i eigen kjerneverksemd.

6. Kommersialisering

6.1 Meldeplikt for tilsette

Alle forskings- og arbeidsresultat som har eit potensial eller høve for kommersiell utnytting, skal av den tilsette meldast til HVL ved Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon (AFII), med kopi til sin nærmaste leiar. Prosedyre for innmelding er nærmare skildra i retningslinjene.

Dersom HVL i medhald av lova gjer gjeldande rett til ei oppfinning, må arbeidstakar medverke til overdraginga ved underteikning av avtale og/eller overdragingserklæring.

Dersom HVL, etter ei sjølvstendig vurdering, ikkje vel å overdra dei kommersielle rettighetene til oppfinninga, kan den tilsette velje mellom å

1. utvikle ideen vidare som HVL-tilsett og forsøke kommersialisering igjen på eit seinare tidspunkt, eller
2. krevje tilbakeføring av dei kommersielle rettighetene til ideen.

I begge tilfelle skal det verte inngått avtale mellom den tilsette og HVL.

6.2. Kommersialiseringsaktørane

Kommersialiseringsaktørane skal bidra til at HVL når sine strategiske mål innan innovasjon og kommersialisering, og skal bidra til å byggje innovasjonskultur blant dei tilsette ved høgskulen, gjennomføre ei kvalifisert vurdering av idear (prosjekt og arbeidsresultat) skapt ved HVL, samt forvalte høgskulen sin IPR.

Samarbeidet mellom HVL og kommersialiseringsaktørane er regulert gjennom samarbeidsavtalar og operasjonalisert gjennom årlege tenestekjøpsavtalar. HVL samarbeider med kommersialiseringsaktørar som dekkjer alle HVL sine fem campus. Samarbeidet med desse aktørane er nærmare skildra i retningslinjene.